

Merknader til forskrift 18. Desember 2008 nr.1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn.

Merknadane fastsett 21.09.09 - seinare endra etter endringar i forskrifta.

Til § 2 a)

Her er fastsett «det særlege verkeområde» som reglane om inntekt i verksemd utanom fiske i §§ 3 nr.5, 4 og 5 nr.5 viser til.

Til 3 nr.2:

Med busett i Noreg er meint at vedkomande som hovudregel må stå i Folkeregisteret i norsk kommune og betale skatt av inntekt til denne. Begge vilkår må være oppfylt.

«Stå i Folkeregisteret» tyder at vedkomande må være registrert med fødsels-/ personnummer.

Registrering i fiskarmanntalet skal som hovudregel skje i kommunen der vedkomande er busett.

Utanlandske fiskarar og mannskap på norske fiskefartøy som ikkje er busett i Noreg kan ikkje takast opp i manntalet. Norsk statsborgarskap krevst ikkje.

Norske statsborgarar (busett i Noreg) som arbeider på utanlandsregistrert fiskefartøy, kan takast opp i manntalet dersom inntekta av fiske med norskregistrert fartøy utgjer minst 50% av samla fiskeriinntekt for vedkomande.

Inntekt både frå norsk og utanlandsk fartøy må kunne dokumenterast.

Til § 3 nr.3:

Landmenn og egnarar som høyrer til mannskapet/lotlaget på eit og same fartøy kan takast opp i manntalet sjølv om dei ikkje arbeider om bord så mykje som det elles krevst.

Unntak frå kravet om at fisket skal skje frå norskregistrert fiskefartøy skal godkjennast av Fiskeridirektoratet.

Til § 3 nr.4:

Inntekt av taretråling og/eller hausting av marine ressursar, sjå merknad til § 3.5.

Til § 3 nr.5:

Sjølv om studiar og skulegang ikkje er inntektsgjevande skal det reknast som full verksemd utanom fiske. Utdanning innan fiskerifag og anna utdanning retta mot arbeid om bord i fiskefartøy er likevel i seg sjølv ikkje til hinder for opptak i fiskarmanntalet. Personar som er under slik utdanning kan, om vilkåra elles er oppfylt, takast opp på blad A eller B.

For nærare presisering, sjå instruks av 29.05.13 frå Det Kongelege Fiskeri- og kystdepartement.

Personar som går ungdomsskule/grunnskule kan takast opp i fiskarmanntalet, blad A eller B, om dei vanlege vilkår er oppfylt (medrekna å ha fylt 15 år) sålenge skulen er pliktig.

Personar med uløna omsorgsarbeid kan ikkje nektast opptak i manntalet berre fordi manntalsførar går ut frå dei er sysselsett på full tid med omsorgsarbeid. Manntalsførar må likevel forsikre seg om at vedkomande verkeleg driv fiske i det omfang forskrifta krev, og at ikkje andre leverer fisk i namnet til vedkomande for å omgå reglane. Kommunal omsorgsstønad (tidl.omsorgsløn) skal ikkje reknast med til inntekt utanom fiske.

Ein lønsmottakar, t.d fiskeindustriarbeidar, som blir permittert frå si faste stilling for ein lenger periode eller på ubestemt tid, og startar opp i fiske, kan, om vilkåra elles er oppfylt, takast opp på blad A.

Fiskarar som står i manntalet, blad A eller B, og som avtener militær- eller sivilteneste, kan framleis stå i manntalet sjølv om dei i denne perioden ikkje oppfyller vilkåra.

Full verksemd innan taretråling og/eller hausting av marine ressursar som sanking av skjel, kråkebollar og andre ville sjødyr, vil, om det vert drive saman med fiske ikkje vere til hinder for opptak om inntekt frå fiske fyller vilkåra blad A eller B.

Taretråling og/eller hausting av marine ressursar gjev i seg sjølv ikkje rett til opptak. Fiskeoppdrett vert rekna som verksemd utanom fiske og gjev ikkje rett til opptak.

Pensjonsinntekt frå offentleg eller privat pensjonsordning (heil eller delvis pensjon) skal reknast med til inntekt utanom fiske, med mindre det dreier seg om fiskarpensjon, om uføretrygd for personar som har vore registrert i manntalet samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra eller alderspensjon for personar under 75 år som har vore registrert i manntalet samanhengande i minst eit av dei siste 10 åra

For bønder er det jordbruksinntekt slik det går fram av næringsoppgåva som utgjer netto næringsinntekt. Driv eit ektepar bruk saman, vert jordbruksinntekta redusert tilsvarande med det ektefellen er likna for.

For dei fleste andre næringar vil det være netto næringsinntekt (årsoverskot) slik det går fram av oppgjers- eller rekneskapsskjema som skal leggest til grunn. Der netto næringsinntekt kjem fram etter at fondsavsetningar er trekt frå, må desse påplussast netto næringsinntekt igjen.

Kapitalinnteker skal som hovedregel reknast med til inntekt utanom fiske. Der kapitalen er opparbeidd gjennom fiske skal avkastninga likevel ikkje leggest til, ei heller reknast som inntekt av fiske. Kapitalinntekt oppnådd gjennom arv eller ved vinst i lotteri, eller avkastning av slik kapital, gjeld heller ikkje som inntekt utanom fiske.

Til § 3.6:

Personar som mottok uføretrygd etter uføregrad på 100% kan ikkje takast opp på blad A, med mindre dei har vore registrert i manntalet samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra. Frå fylte 67 år går uførepensjonistar over på alderspensjon og reglane for slik pensjon vil gjelde. Personar mellom 62 og 75 år som mottok alderspensjon, gradert eller ugradert, kan takast opp på blad A om dei har vore registrert i manntalet i minst eitt av dei siste 10 åra.

Regelen stiller krav om manntalsføring samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra for at ein kan stå i manntalet utan omsyn til alderspensjon. Med dette er meint at ein skal rekne 10 år bakover i tid frå tidspunkt for søknad om opptak på blad A eller B, eller endå seinare tidspunkt dersom det er klårt at søknaden gjeld frå seinare tidspunkt enn søknadstidspunktet. Sjå og instruks av 21.06.18 2018 frå Fiskeri- og Næringsdepartementet.

Unntak for blad A også for personar som mottok full alders- eller uførepensjon og som har vidare tilknytning til fiskaryrket før overgang til trygd/ pensjon slik det er fastsett i manntalsforskrifta § 4. Sjå merknad til denne nedanfor.

Personar mellom 62 og 75 år som mottok gradert alderspensjon, men ikkje har minst 12 månader samanhengande registrering i fiskarmanntalet innan dei siste 10 åra, eller slik tilknytning til fiskaryrket som § 4 krev, kan takast opp på blad A om dei vanlege vilkår er oppfylt.

Pensjon i kroner vert her å rekne som inntekt utanom fiske. Denne skal målast mot inntektskravet i forskrifta § 3.5. Sjå merknad til § 3.5 avsnitt om pensjonsinntekt.

Tilsvarende gjeld personar som mottok uføretrygd etter uføregrad lavare enn 100% og ikkje har tilknytning til fiskaryrket slik § 4 i forskrifta krev. Der personar med med fastsett uføregrad ikkje har utbetalt uføretrygd grunna for høg inntekt («kvilande rett»), skal det sjåast bort frå uføregraden.

Rett til fleksibelt uttak og gradering av alderspensjon fell bort ved fylte 75 år. Etter dette vil full alderspensjon i hindre opptak på blad A, utover dei tilfelle § 4 regulerer. Sjå merknad nedanfor.

Yrkeskadepensjon skal vurderast på line med uføretrygd.

Arbeidsavklaringspengar skal sikre inntekt for personar medan dei får aktiv behandling, deltek på arbeidsretta tiltak eller får anna oppfølging med sikte på å skaffe seg, eller halde fram med arbeid. Kan tilståast inntil fire år.

Tilleggsstønader vert gjeve til dekning av visse utlegg i samband med gjennomføring av arbeidsretta tiltak inntil fire år.

Om registrerte fiskarar mottok arbeidsavklaringspengar eller tilleggsstønader vil dette ikkje påverke manntallsstatus så lenge målet er å kome tilbake til fiskaryrket. Ved nyopptak der personar i anna yrke vil avslutte dette og gå over i fiske, vil slike ytingar ikkje vere til hinder for opptak såframt dette er dokumentert og vilkåra elles oppfylt.

Dersom ein er uføretrygda etter ein uføregrad på 100%, og ønskjer å ha inntekt i fiske og fangst med den verknad at uføreytinga vert redusert, kan ein etter søknad takast opp i fiskarmanntalet, blad A, om vilkåra for slikt opptak elles er oppfylt.

Til § 4:

Slik regelen er forma kan personar som mottok 100% uførepensjon også stå på blad A. Særskilt krav om inntekt av fiske gjeld ikkje, men ein viss aktivitet må kunne dokumenterast.

Om § 4 i høve til ervervstillatelse, sjå skriv av 02.03.15 frå Det Kongelege Nærings- og Fiskeridepartement.

Vedkomande må ikkje ha inntekter (pensjon frårekna) frå verksemd utanom fiske som overstig 300 000 kroner, eller 400 000 i det særlege verkeområdet jf. § 2 a). Fiskarpensjon vert rekna som alderspensjon.

Vedkomande må ha hatt fiske som hovudyrke og vore manntalsført i minst 5 (fem) av dei siste 20 åra før overgang til trygd eller pensjon.

Regelen er forma ut slik at den i særlege tilfelle også kan gjerast gjeldande for fiskarar som har blitt uføre i ung alder og difor ikkje har kunna drive fiske over eit så langt tidsrom som det elles krevst.

Til § 5 nr.2 og 3:

Merknader til § 3 nr.2 og 3 gjeld tilsvarande.

Til § 5 nr.4:

Med til inntekt av fiske for registrering på blad B gjeld også garantilott, sjukepengar i fiske og A-trygd i fiske etter havari og liknande.

Til § 5 nr.5:

Merknad til § 3.5 gjeld tilsvarande.

Personar som driv sjølvstendig næring utanom fiske (bortsett frå taretråling og hausting av marine ressursar), og som har tilsette i verksemda, kan ikkje takast opp på blad B. Sjå nærare notat av 03.10.19 (19/12862 – «Oppdatering av søknadsskjema – regelverk») frå Fiskeridirektoratet

Pensjonsinntekt frå offentleg eller privat pensjonsordning (heil eller delvis pensjon) skal reknast med til inntekt utanom fiske, med mindre det dreier seg om fiskarpensjon, om uføretrygd for personar som har vore registrert på blad B samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra eller alderspensjon for personar under 75 år som har vore registrert på blad B samanhengande i minst eitt av dei siste 10 åra.

Til § 5 nr.6:

Inntekt av fiske må vere minst to gonger så høg som inntekt frå anna verksemd for registrering på blad B.

Til § 5 nr.7:

Personar som mottok uføretrygd etter uføregrad høgare enn 60 % kan ikkje registrerast på blad B, med mindre dei har vore registrert på blad B samanhengande minst eitt av dei siste 10 åra før overgang til trygd. Frå fylte 67 år går uførepensjonistar over på alderspensjon og reglane for slik pensjon vil gjelde. Sjå merknad til § 3.6
Om «kvilande rett» til uføretrygd sjå merknad til § 3.6.

Personar mellom 62 og 75 år som mottok alderspensjon, gradert eller ugradert, kan takast opp på blad B om dei har vore registrert på blad B samanhengande i minst eitt av dei 10 siste åra.

NB ! Merk særleg at for opptak på blad B må vedkomande ha vore registrert på blad B i minst eitt av dei siste 10 åra.

Til § 6:

Merk at unntak ikkje skal innvilgast automatisk (Jf. ”Det kan gjerast unntak-----”), bortsett likevel frå 4 ledd der personar som føder barn har rett å bli ståande på blad B frå dei går ut i fødselspermisjon og ut kalenderåret etter fødselen.

Til § 6.2 ledd:

Som tillitsverv vert rekna verv i fiskerinæringa, administrasjonen og andre offentlege verv. Godtgjerdse for slike verv skal ikkje reknast som inntekt utanom fiske. Registrering etter denne regelen skal godkjennast av Fiskeridirektoratet sentralt for eit år om gongen.

Til § 6.3 ledd:

Rett til unntak etter denne regelen må ha årsak i nedtrapping grunna alder, slitasje eller liknande for personar som har fylt 60 år. Det at fiskeriaktiviteten vert redusert og anna verksemd trappa opp gjev ikkje rett til unntak.

Regelen gjev heller ikkje unntak for personar som mottek full alderpensjon (6.3 ledd har ikkje unntak frå kravet i § 5.nr.7). Sjå likevel § 5.7 og merknad til denne der personar mellom 62 og 75 år med alderpensjon, gradert eller ugradert, kan stå på blad B om dei har vore registrert på blad B i minst eitt av dei siste 10 åra.

Til § 10:

Oppsett og utlegging av manntalslistene skal kunngjerast innan 10. november og være tilgjengeleg på det enkelte region- og fiskerikontor og sameleis på heimesida til Fiskeridirektoratet www.fiskeridir.no. Oppsett av listene skal innehalde: Kommunenamn, fødselsnummer (6 siffer), namn, poststad og bladstatus. Utlegginga varer i tre veker. Alt materiale vedrørande statistikk over fiskarmanntalet vert publisert av Fiskeridirektoratet sentralt.

Til § 11:

Personar som ber om det skal slettast frå manntalet med verknad frå den dato manntalsfører får melding. Sletting etter eige ynskje er ikkje enkeltvedtak og kan ikkje tilbakedaterast. Vedkomande skal alltid ha skriftleg melding påført rett dato og blad og med kopi for eige arkiv slik at dokumentasjon for rett tidspunkt er sikra.

Manntalsfører kan av eige tiltak slette personar frå manntalet i løpet av året. Dette er enkeltvedtak og følgjer vanleg framgangsmåte etter fvl.

Dersom årsaka er at personen ikkje lenger fyller vilkåra i § 3.5 sjette punktum, § 3 nr.6, § 5.5 sjette punktum eller § 5 nr.7, kan vedkomande bli ståande i manntalet ut kalenderåret.

Tidlegare vedtak om opptak eller oppføring i fiskarmanntalet kan omgjerast etter vanlege forvaltnings-rettslege reglar. Etter fvl § 35.1 a) kan eit forvaltningsorgan fritt omgjere eige vedtak så lenge endringa ikkje er til skade for nokon vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser.

Denne regelen kan nyttast om vedkomande dokumenterer å ha vore i anna arbeid frå det tidspunkt han/ho ynskjer utmelding. I denne tida må vedkomande heller ikkje ha motteke ytingar knytt til oppføring i fiskarmanntalet.

Vedtak om omgjering får verknad frå same tidspunkt som det første vedtak.

Eit forvaltningsorgan kan også omgjere eigne vedtak etter fvl. § 35 b) eller c) om vilkåra er oppfylt.

Omgjering til skade for den vedtaket gjeld skal alltid gjerast av klageinstansen innan fastsette fristar. Jf. fvl. § 35.3

Sist oppdatert 7.9.2020